

Til  
Vestland Fylke  
v/Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling  
Bård Sandal

Stord 26.10.2021

### Søknad om driftstilskot til Attraksjon Sunnhordland

Viser til tidlegare møter rundt prosjektet «Attraksjon Sunnhordland», og ynskjer å takka for ein god og konstruktiv diskusjon rundt temaet.

Med bakgrunn i gjennomført forstudie og forprosjekt søker me med dette som avtalt om driftstilskot til prosjektet.

#### **Bakgrunn for søknaden**

---

Industri og næringsliv i Sunnhordland er i endring. Frå å være eit tyngdepunkt for leverandørindustri til olje og gass utvinning så vel nasjonalt som globalt til å være eit tyngdepunkt i utvikling av berekraftig, eksportretta industri tufta på kompetanse bygd over tid og naturgitte fordelar.

Samstundes er Sunnhordland sårbar for endringar i den globale industri -og nærings-dynamikken. Dette ser ein til dømes gjennom effekten av svingingar i pris på aluminium og råolje dei siste åra og globale trendar som eit akselererande skifte mot det breie begrepet miljø (grøn teknologi), auka fokus på havbruk og marin teknologi, auka internasjonal proteksjonisme og endra forbruksmønster.

I dag er ein vesentleg del av industriproduksjonen i regionen direkte eller indirekte knytt opp mot olje-og gass, og saman med aluminiumsproduksjon og maritim -og marin industri, representerer dette hovudsysselsetninga for industrien.

Sunnhordlands-regionen har mange fordeler som vanskeleg lar seg kopiere:

- *Verdsleiande kompetanse innafør*
  - *Olje og Gass*
  - *Aluminiumsproduksjon/prosessteknologi*
  - *Maritim industri*
  - *Marin industri*
- *Nasjonalt og til dels globalt leiande innan maritim teknologi retta mot berekraft, fornybart -og nullutslepp*
- *Tilgang til ei høgt utdanna befolkning*
- *Nærleik til havet*
- *Tilgang på areal til og i sjø*
- *Kraft*
- *Strategisk plassering på Vestlandet.*

I alt dette ligg det store mogelegheiter.

Ein forstudie har konkludert med at Regionen treng å synleggjere sin kompetanse og kapasitet for å kunne tiltrekke seg innanlandske -og utanlandske bedrifter og investorar. Skal me lukkast, må Regionen stå fram som ein kraftfull og koordinert heilskap.

---

## Søkjær

Atheno er Sunnhordland sitt regionale næringsutviklingsselskap. Gjennom over 30 år har selskapet utvikla ei sterkt og aktiv industriklyng som representerer over 5000 tilsette. Det er over dei siste 16 åra også utvikla ein sterkt industriinkubator som oppstart -og omstillingsverktøy.

Gjennom tett samarbeid er målet til Atheno å løfta fram og styrka næringslivet i regionen, samt styrka klynga og den enkelte medlemsbedrift si innovasjons- og konkurranseevne.

Verksemndene i klynga representerer produkt- og tenesteleverandørar til olje- og gasssektoren og marine tenester knytt til dette segmentet, prosess- og skipsbyggingsindustri og produktleverandørar til desse bransjane, samt hav/fiskeoppdrett, kraft og energi, og bygg og anlegg.

Atheno er i tillegg til å vere navet i industriklynga, også senter for utvikling av entreprenørskap i Sunnhordland (Ung Tekno, Ugt Entreprenørskap, 1. linjeteneste, inkubator og risikokapital). Dette er unikt i Noreg.

Selskapet har 7 årsverk.

## Forankring

---

Attraksjon Sunnhordland er godt forankra i dei store industrikommunane i Sunnhordland. Det pågår no parallelle prosessar mot fylke og dei andre kommunane. Me har allereie fått positive signal frå fleire av desse, men me oppfattar at det er eit vilkår at fylket bekreftar at dei er med.

Atheno er prosjekteigar, og Attraksjon Sunnhordland vil verta etablert som ein del av Atheno-systemet. Kommunane er klare på at dette må være eit arbeid der Sunnhordland sit i førarsete og der Vestland fylke er ein viktig medspelar og bidragsytar, med midlar og kompetanse.

Gjennom heile forprosjektfasen er det arbeidd tett inn mot regionråd og kommunar.

Prosjektet er godt forankra i industriklynga, der m.a. Wärtsilä, Kværner, Hydro Husnes og Haugaland Kraft allereie har vore med og finansiert forprosjektet.

Det er ein suksessfaktor at Attraksjon Sunnhordland er tett på industrien i Sunnhordland, og at prosjektet er lokalt forankra.

Attraksjon vert bygd på faktisk og objektiv informasjon, og vår evne til å stå fram som eit regionalt, offensivt fellesskap der kommunane, industrien, dei etablerte interesseorganisasjonane og fylke dreg i same retning. Dette vil gi ei særdeles sterkt gruppering for å lukkast.

## Prosjekt

---

Sunnhordlandsregionen med sine 8 kommunar er eit industrielt kraftsenter i Vestland Fylke.

Industrien i regionen vert kjenneteikna av eit stort mangfold, men og av forskjell på storleik. Hydro Husnes, Kværner, Leirvik, Wärtsilä er representantar for dei store og som ein konsekvens av deira storleik, er det vokse fram ein underskog av knoppskyting frå desse bedriftene og underleverandørar som støttar opp under deira virksomheit. Store bedrifter gir altså store ringverknader, men det er også slik at desse bedriftene og underskogen er sårbare for endringar i nasjonale og globale marknadstilhøve og trendar.

Heldigvis er det slik at næringsmangfaldet i Sunnhordland strekker seg utover desse store og det gir regionen eit sett av mogelegheiter frametter. Den geografiske plasseringa til regionen er med å understøtte potensialet.

Livsgrunnlaget for regionen er heilt avhengig av at næringslivet utviklar seg i takt med dei endringane som skjer nasjonalt og globalt både for å oppretthalde nivået ein har i dag, men like viktig, bygge attraksjonen til regionen, slik at ein kan skape framtidig vekst og differensiering. Etter vårt syn er sårbarheita til regionen stor.

***Det er eit stort paradoks, at Sunnhordlands-regionen er lite kjent utanfor vårt nærområde. Det er det Attraksjon Sunnhordland har som mål å endre på.***

Det er gjennomført ein forstudie og eit forprosjekt gjennom det siste året. Analyser frå dette arbeidet viser følgjande konklusjonar:

- **Regionen har eit akutt behov for å synleggjere sin kompetanse og kapasitet.** Regionen må stå fram som attraktiv for innanlandske -og utanlandske bedrifter og investorar.
- **Det er ingen overordna koordinerande funksjon i regionen.** Me må ta tak i utfordingane og få med kommunane/fylke og bedriftene i Sunnhordland i arbeidet med å bygge opp attraksjonen til regionen.
- Me må etablere ein funksjon, **Attraksjon Sunnhordland**, som spesifikt har fokus på regionen Sunnhordland.
- Funksjonen er tenkt å være **organisert innafor Industrinettverket ATHENO** og skal ha eit tett samarbeid med andre organisasjonar som kan understøtte målsetjinga.

#### **Attraksjon Sunnhordland skal ha fleire fokusområde:**

1. Marknadsføre regionen på dei aktuelle arenaene
2. Etablere spesifikke fokus/satsnings område for kvar kommune og regionen totalt
3. Saman med kommunane kartlegge og beskrive faktiske nøkkeldata relevant for nyetablering
4. Støtte kommunane og etablerarar frå identifikasjon til gjennomført etablering
5. Være rådgivar for kommunane i utvikling av Nærings planar

#### **Attraksjon Sunnhordland skal organiserast slik at arbeidet vert effektivt, transparent, profesjonelt og tillitsskapande:**

- Eit styre med relevant kompetanse og erfaring både frå næringsliv og politikk
- Ein leiar med nærings -og forretningsutvikling erfaring
- Tett samarbeid med kvar kommune og fylke, både administrativt og politisk
- Knytte til seg ressurspersonar som skal støtte og rådgi den operative delen av organisasjonen.
- Etablere prosjektgrupper for kvar reell etableringsmøgelse.

**Sjå og vedlegget for meir informasjon om bakgrunn, organisering, arbeidsblokker i prosjektet og tidsplan.**

## Søknad om finansiering frå Vestland Fylke

### Kostnad og finansiering:

Prosjektet «Attraksjon Sunnhordland» er stipulert til 2 200 000,-

- Det vert søkt om 1 000 000,- hjå Vestland Fylkeskommune
- Kommunar og bedrifter i Sunnhordland skal finansiera den resterande delen av prosjektet
- Me ber Vestland Fylke om å delta med 1 MNOK/år i ein 3 års periode som ein start.
- Målet er at prosjektet kan ha oppstart 01.01.2021, under forutsetning av at finansiering er på plass.

### Kostnadsplan

Tittel	2021
Prosjektleiing	1 200 000
Marknadsføring	350 000
Mobilisering	390 000
Reiser/arrangement	230 000
Rekneskap	30 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>2 200 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2020/21
Vestland Fylkeskommune	1 000 000
Kommunar i Sunnhordland (kapital + timar)	1 000 000
Bedrifter timar	200 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>2 200 000</b>


Me presenterer gjerne søknaden nærmare i Hovudutval for næring dersom dette er ynskjeleg

Med vennleg helsing

På vegne av Atheno

Sveinung Hansen

Prosjektleiar



Astrid Kjellevold  
Dageleg leiari

